

Oppdragsgiver

Norsk Fjellmuseum

Oppdrag

Landskapsplan Billingen

Rapport type

Forprosjekt

Prosjektnr.

15216

Dato

20.11.2015




Norsk Fjellmuseum | Forprosjekt - Landskapsplan Billingen

Innhold:	side
1 Orientering om planprosessen	3
2 Planområdet	3
3 Mål for planarbeidet	3
4 Planen	4
4.1 Billingen seterpensjonat	4
4.2 Parkering og køyremønster	5
4.3 Gang- og sykkelveg under Torda-bru	6
4.4 Stigar	6

1 Orientering om planprosessen

Forprosjekt - Landskapsplan Billingen skal nyttast som grunnlag for vidare arbeid med oppgradering av innfallsporten til Reinheimen og Breheimen nasjonalpark i høve til Miljødirektoratet si satsing på merkestrategi for Noregs nasjonalparkar.



Midt i hjartet av planområdet ligg Billingen Seterpansjonat.

For planprosessen er det nedsett ei arbeidsgruppe beståande av aktørar frå nasjonalparkforvaltninga, SNO, Skjåk kommune, Lom Fjellmuseum og Billingen Seterpensjonat. Nordplan er fagleg konsulent for utarbeiding av plangrunnlaget.

Det vart halde eit oppstartsmøte med arbeidsgruppa på Billingen Seterpensjonat før konsulent vart kontakta. Aktuelle problemstillingar som kom fram på dette møtet vart drøfta med konsulent på oppstartsmøte før synfaring av området

Nytt møte i arbeidsgruppa vert helde 08.10.2015. Her vart foreløpig plan gått gjennom. Etter møtet vart endringar innarbeida i endeleg planutkast.

2 Planområdet

Planområdet ligg naturskjønt til ved Torda i Skjåk kommune og er ein av hovudinnfallsportane til Reinheimen nasjonalpark. Området er òg tenkt nytta som innfallsport til Breheimen nasjonalpark. Planområdet ligg i samband med vegsløyfe nord for R15 og Billingen Seterpensjonat. Billingen Seterpansjaonat tilbyr overnatting og mat og har godt med besökande både av turistar langs vegen og fjelfolk.

Fleire stigar går ut frå området. Diktartigen er ein kort rundtur langs med Torda kor utvalde dikt av Jan-Magnus Bruheim er presentert på tavle langs stien. Ei rundløype til Storsteinen startar òg her. Dette er ein natursti.

3 Mål for planarbeidet

Målet for planarbeidet er å skape ein atraktiv innfallsport til verneområda forankra i dei naturgjevne kvalitetane på staden og organisere området betre med blant anna betre tilrettelegging for parkering, betre organisering av informasjon samt tilrettelegge for

ferdigstilling av områda rundt Billingen-seterpensionat. Utforming og system for skilting føljer Miljødirektoratet sin veileiar «Innfallspoter».

Det er ei målsetjing at både stigar som Diktarstigen og naturstigen samt lengre DNT-stigar skal gå ut frå Billingen Seterpensionat. Rundløypene skal leggjast til rette med nokre benkar utplassert på strategiske plassar samt meir eintydeg skilting.

Det skal vurderast om det er mogleg å føre fram gang- og sykkelveg under Torda-bru.

4 Planen

4.1 Billingen seterpensjonat

Her er det i dag fleire ulike informasjonstavler. Tavlene midt på plassen tek mykje plass og er tenkt fjerna. For å få ein heilskapleg utsjånad fjernast også dei andre eksisterende skilttavlene.



Eksisterande informasjonstavler tek mykje plass.

Det er tenkt at antalt tavler reduserast og at informasjon komprimerast slik at det her vil være nok med tre informasjonstavle:

- 1 skilt for Reinheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde
- 1 skilt for Breheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde
- 1 skilt med oversiktkart over Billingen med inntekna naturstig, diktarstig og DNT-stig. Vi tek sikte på også å få inn fiskeinformasjon her.

Det vil være behov for to vegvisarskilt ved starten av Diktarstigen/ naturstigen/ DNT-stigen:

- 1 felles for Diktarstigen og naturstigen
- 1 skilt som syner start av DNT-stig

Skilta er tenkt plassert slik planen syner.

Som dekke er tenkt køyresterke skiferhelle i kombinasjon med grus. Det er viktig med grus av god kvalitet og bindeevne i høve til universell utforming.

Strofer frå Jan-Magnus Bruheim sine dikt kan rissast inn i nokre av hellene, alternativt kan eit dikt rissast inn i flate knausen kor det i dag er skilt.



Startpunkt for stigar slik det er i dag.

Det murast ei steintrapp der kor stiane startar.

Mot elva er det tenkt eit rekkverk i cortenstål med stålwire. Dette er eit lett rekkverk som gjev godt utsyn til elva og innsyn for dei som kjem langs vegen. Matrialbruken harmonerer og tek opp at matrialbruken i infotavlane.

Elveskråning plastrast med natursteinsmur for å hindre utglidning av massar og for å gje eit ryddigare preg.

4.2 Parkering og køyremønster

I dag parkerast det i hovudsak langs med vegen ved Billingen Seterpensjonat og noko på p-plass ved nordre innkjørsel. Det er ein god del bussar som stoppar her i løpet av sesongen. Det foreslås at eksisterande parkeringsplass oppgraderast og utvidast til å romme dobbeltsidig parkering. Det skiltast til p-plass og velkomstskilt til nasjonalparken settast opp for å markere at dette er hovudparkeringa og startpunktet for innfallsporten.

Steingardar murast av steinar frå området for å stramme opp arealet, hindre uønska køyring og skile køyrande frå gåande.

Parkeringsplass langs med vegen blir i hovudsak for bussar. Det må skiltast med at dette er bussparkering for å unngå at bilar parkerar her. Skråninga må plastrast og revegeterast med stadeigne masser og vegetasjon (dette er utprøvd med hell i nærliggande område) slik at det ikkje er fare for utglidning av stein.

Langs hovudvegen må det settast opp skilt om innfallsporten i høveleg avstand til både søre og nordre avkjøring.


4.3 Gang- og sykkelveg under Torda-bru

Det skal være greit å opparbeide gang- og sykkelveg under Torda bru. Lausmasser er fylt attende for å skjule brufundament. Desse massane er lause, det bør opparbeidast ein mur som demmar opp for ev lause steinar.



Brufundament er dekt av lausmasser.

På nedsida av GSV bør det også murast då skråninga er for bratt for skråningsutslag 1:2. Tilhøva på både sider av bruа ligg terremessig godt til rette for framføring av gsv her.



Terrenget ligg godt til rette for GSV på både sidene av bruа.

4.4 Stigar

Diktarstigen og naturstigen er rundløyper med utgangspunkt frå Billingen Seterpensjonat. Skiltinga, spesielt for naturstigen, er noko uklar då det her står skilta til Storsteinen med pilar mot Storsteinen langs heile runda. Det står ikkje nokon stad at dette er ein natursti og at det er ei rundløype. Det foreslås derfor at skilta for denne stien byttast ut med nye kor det står:

Natursti Storsteinen, men undertekst rundløype (alternativt symbol for dette). På vegvisarane bør det stå kor lang denne runden er. Vegvisarane for Diktarstigen bør det også stå kor lang runden er.

Langs med desse to rundløypene er det tenkt plassert ut tre benkar for kvile, nytelse og ettertanke på spesielt naturskjøne plassar. Benkane er tenkt i solide materiale som passer inn i fjellheimen, tåler tidens tann og verharde kår.



Sirkelen syner kvar det er tenkt utplassert kvilebenk.



Den siste benken er tenkt på andre sida av furua i høgre hjørne av bildet.

DNT-stigar skiltast med vegvisarar frå startpunktata.